
Fra: Haakon Aase <haa-aase@online.no>
Sendt: 20. oktober 2019 21:03
Til: Postmottak Meland
Kopi: Bjørnar Norvald Langeland; Eli Hillsersøy; Haakon Aase; Helene Olli Sollid; Kjersti Langenes Bøen; Marie Morken; Åse Grønsnes; Åsmund Aase Fluge
Emne: VS: ER IKKJE NYNORSK PÅ NORDHORDLAND LEGEVAKT
Vedlegg: CCF10082019.pdf

Til ordføreren i Meland

Eg sender vidare brev frå Gunnar Mjøs, sjå nedanfor. Dette må det ordnast opp i! Når Alver vert etablert, blir det vel teke tak i slike ting med fast hand, men noko bør gjerast straks. Dette er ei teneste som er for oss alle.

Beste helsing
Haakon Aase
Leiar i Meland Mållag

Fra: Gunnar Mjos <mjosgunn@gmail.com>
Sendt: onsdag 16. oktober 2019 10:20
Til: karin.monstad@uni.no; ainar.lygre@bkkfiber.no; jarleronhovd@gmail.com; haa-aase@online.no; larsfjeldstad@hotmail.com; ka-smith@online.no
Emne: ER IKKJE NYNORSK PÅ NORDHORDLAND LEGEVAKT

Hei !

Denne e-postn går til alle mållag i Nordhordland. Kontaktadresser er henta frå <http://www.nm.no/lag/?path=10210,10211>.

Alversund Mållag: karin.monstad@uni.no
Lindås Mållag: ainar.lygre@bkkfiber.no
Masfjorden Mållag: jarleronhovd@gmail.com
Meland Mållag: haa-aase@online.no
Osterøy Mållag: larsfjeldstad@hotmail.com
Radøy Mållag: ka-smith@online.no
Austrheim: Har ikkje mållag.
Fedje: Har ikkje mållag.
Gulen Kommune: Har ikkje mållag
Modalen Kommune: Har ikkje mållag.

Sendte 10.08.2109 som privatperson denne e-post til rådmannen i Lindås Kommune som er ansvarleg for Nordhordland Legevakt, og til alle kommunane som er medlem i legevakta.

Hei !

NORDHORDLAND LEGEVAKT er ei døgnopen interkommunal legevaktteneste for kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy. Den interkommunale legevakta er lokalisert i Knarvik, og Nordhordland Legevakt er på dagtid dagleglevakt for Lindås Kommune. Styringslinje for verksemda ved Nordhordland legevakt går frå rådmannen i Lindås kommune til legevaktsjef som har eit overordna fag-, personal- og økonomiansvar.

Var innom Nordhordland Legevakt denne veka og ser at all brukarinformasjon frå den interkommunale verksemda er på bokmål og engelsk. Dette gjeldt skriftleg info, registreringsskjema og info om NHLV på TV-skjerm.

Er ikkje det undeleg at info frå vår interkommunale verksemd ikkje er å finna på moderne nynorsk ???? Her må nokon ha sove i timen og ikkje sørga før at NHLV brukar nynorsk.

*Har NHLV vore verksemdrevidert på målbruk sidan oppstarten ?
Vedlagte brosjyre frå 2006 kunne vore laga på nynorsk, finnest det ein nynorskversjon som ikkje er brukt ???*

Eg kjenner meg skuffa og framandgjort av å bli møtt på bokmål av "mi" legevakt.

Ønskjer tilbakemelding kva for tiltak/plan som vert gjort for å endra målbruken i legevakta,- både målbruk mot brukarar og som verksemd.

Linkar:

<http://www.saman.no/nordhordland/470.446.Nordhordland-legevakt.html>

Med venleg helsing

Gunnar Mjøs

Tlf 91305166

Frå kommunane har eg ikkje fått noko tilbakemelding, heller ikkje frå rådmann i Lindås Ørjan Raknes Fortun. Eg har også kontakta noverande ordførar i Lindås, som har lova svar frå rådmannen, men har ikkje fått svar, og eg trur ikkje eg får svar heller.

Mitt poeng er at det er for dumt at kommunane i Nordhordland sin legevakt ikkje brukar nynorsk.

Er det muleg at ditt mållag kan skriva til Lindåsrådmannen om denne saka, eller kontakta "din" kommune om same sak ??? Eller kontakta media ? Då kan me få litt "tyngde" i saka.

Mvh Gunnar Mjøs